



Installasjon av Adobe Creative Cloud-program på tilsettmaskiner


1. Installer programmet «Adobe Creative Cloud skrivebordsapplikasjon» som du finn i Programvaresenteret. Om du har eit program på maskina frå i fjor som heiter noko liknande; last ned og installer frå Programvaresenteret likevel om det ikkje er gjort automatisk, då det er ein ny versjon som trengs for å gi fleire tilgongar enn den gamle.
2. Etter installasjonen er ferdig, opne applikasjonen «Adobe Creative Cloud» som du finn på Startmenyen:




3. Logg på med `[feidebrukarnamn]@o365.mrvgs.no`-kontoen din.




4. Du vil bli omdirigert til Office 365-innlogginga. Skriv inn brukarnamnet ditt på nytt. Dessverre vert ikkje dette sendt vidare frå Adobe.




5. Om du får opp ein av dei følgjande dialogboksene, skriv inn [feidebrukarnamn]@intern.mrfylke.no og det vanlige passordet ditt.




6. Trykk **Yes** for å sleppe å måtte logge på kvar gong du skal bruke programvaren.



7. Etter å ha logga på, gå til Apps-lista. Her kan du laste ned og installere dei programma du vil ha. Du kan også oppdatere program du allerede har installert, til nyaste versjon. Om du ikkje har Apps-lista, gå til punkt 1.



8. Merk at som standard vil programma så langt det er mogleg bli installert på Norsk (Bokmål). Om du ønsker at programma skal være på eit anna språk, må du først klikke dei tre vertikale prikkane øvst til høgre, så **Innstillinger**, og så gå til fana **Creative Cloud**. Du kan så velje språk i nedtrekkslista under **Appspråk**. Du kan trykke bakoverpila ◀ oppe til venstre for å gå tilbake til programlista. Program som vert installert etter dette vil være i språket du har satt. Program som allereie er installert, må avinstallerast og so installerast på nytt for å få det nye språket; det er ikkje mogleg å endre språket på annan måte.



9. Om du vil avinstallere nokre av programma, kan du trykke på den lisje nedoverpila ved sidan av **[Åpne]** eller **[Oppdater]**-knappen til programmet i Apps-lista, og velje **Avinstaller**.

